

312  
KSK/ DK7

200904547-17

Inge Brudevoll 6140 Syvde  
Jon Reidar Nordal 6140 Syvde

6140 Syvde den 10.mai 2013.

Vedrørende søknad om løyve til bygging av småkraftverk i Tenneelva i Vanylven kommune i Møre og Romsdal utlagt til offentlig gjennomsyn med høyringsfrist 25.5.2013. Kritisk merknad.

Til NVE, Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091  
Majorstua  
0301 Oslo

Som medlemar i Tenneelva fallrettseigarlag har vi nokre kritiske merknadar til konsesjonssøknaden. Vi viser til "Vedtekter for Tenneelva fallrettseigarlag" utarbeidd av Sunnmøre jordskifterett i sak 1510 -2005 -0003 avslutta 18.12.2007.

§1 i vedtektene har denne ordlyden:

Tenneelva fallrettseigarlag, nedanfor kalla laget, er eit organisert fellesskap mellom eigarane av fallrettane på strekninga mellom kote 540 og 110 i Tenneelva, gnr. 85 og 86 i Vanylven kommune.

Laget er eit eigarlag med avgrensa ansvar i samsvar med andelen i laget, jf. § 3.

Laget har sitt forretningskontor i Vanylven kommune. Rekneskapsåret fylgjer kalendaråret.

Første avsnitt i § 4 har denne ordlyden:

"Utnytting av fallrettane kan kun skje ved etablering av eit driftsselskap, der eigarlaget leiger ut fallrettane til driftsselskapet. Ved utleige av vassfallet til eit driftsselskap, skal det svarast vederlag for leige av fallet."

Tenneelva fallrettseigarlag er eit privateigd selskap med uavgrensa økonomisk ansvar og kan etter vårt syn ikkje stå som søkjar for konsesjonen. Der må straks etablerast eit driftsselskap som må vere organisert som aksjeselskap og som i neste omgang må sende konsesjonssøknaden i sitt namn. Vi kan ikkje stå økonomisk ansvarleg for ei utbygging vi ikkje er deltakarar i.

Med helsing

Inge Brudevoll  
Jon Reidar Nordal